

Årsmelding for Sandnes skulemusikk

2022

Tal på medlemmar og aspirantar:

Sandnes skulemusikk hadde 16 musikantar ved årsstart 2022. To musikantar slutta om sommaren, ein av dei grunna alder. 8 aspirantar var under opplæring og vart musikantar i løpet av hausten 2022. Ved utgangen av året var talet på musikantar 22. Det vart ikkje starta opp ny aspirantopplæring dette året.

Styret i Sandnes skulemusikk, vald på årsmøtet 28.mars 2022:

| | |
|--------------|-----------------------------------|
| Styremedlem: | Roald Kvingedal, ikkje på val |
| Styremedlem: | Margrethe Nordland, vald for 2 år |
| Styremedlem: | Åshild Skuggedal, vald for 2 år |
| Styremedlem: | Lillian Andvik, vald for 2 år |
| Styremedlem: | Sigrun Andvik, ikkje på val |

| | |
|---------|---------------|
| 1.vara: | Atle Fjellby |
| 2.vara: | Kariann Ekren |

| | |
|------------|--------------------|
| Leiar: | Åshild Skuggedal |
| Nestleiar: | Lillian Andvik |
| Kasserar: | Sigrun Andvik |
| Skriverar: | Margrethe Nordland |

Komitéar:

| | |
|------------------|--|
| Julemessekomité: | Lillian Andvik, Roald Kvingedal, Silje Totland, Atle Fjellby |
| Loddbokkomité: | Kariann Ekren, Ellen Andvik, Linda Hansson. Anne-Lise gjekk ut av komiteen i august, Ellen Andvik og Linda Hansson vart då vald inn. |
| Turkomité: | Margrethe Nordland og Linn Andvik Lahti. Cato Eide gjekk ut i august, ingen nye medlemmar kom inn. |

Valkomit : Margrethe Nordland og Lillian Andvik

Revisor: Hans Daae

Andre ansvarsfelt:

Ansvarleg for organisering av kyrkjedugnad: Sigrun Andvik

Uniformsansvarleg: Margrethe Nordland

Instrument- og noteansvarleg: Frank Kvinge

Musikalsk leiing

Joacim Gjerdevik er tilsett som dirigent og har det musikalske ansvaret. Siri Andvik og Kristin Andvik er faste instrukt rar. Kristin returnerte fr  f dselspermisjon i oktober og Siri gjekk ut i f dselspermisjon i november 2022. Brynjar har slagverkundervisning med skulemusikkslagverkarane gjennom kulturskulen. Frank Kvinge deltek ogs  p  korps vingane. Elles har ein nytta eksterne instrukt rar til seminar.

Aktivitatar denne sesongen

Eit planlagt seminar i februar m tte avlysast grunna korona-situasjonen. Skulemusikken hadde ogs  planlagt for deltaking p  Mangerfestivalen, men halv rsplanen vart revidert d  fleire musikantar var oppteken p  konkurransetidspunktet.

F lgjande aktivitatar har vore gjennomf rt:

Januar -

Februar - Solistdeltaking i Hordabl sten

Mars - Inspirasjonsseminar m/ Yamaha-ambassad rar Eirik Gjerdevik og Karianne Nilssen. Nordbygda skulemusikk, Byrknes skulemusikk og Fjon musikklag deltok.

April - Deltaking p  Manger Musikklag sin miniturn -konsert i gymsalen

Mai - Tradisjonelt 17.mai opplegg

Juni - Sommarkonsert, sommaravslutting p  «H yt & Lavt»

Juli/August - Sommarkurs NMF

- September** - Oppstartsseminar Solund m/ konsert
Oktober - Deltaking på Bingsert, arr. av på Fjon musikklag
November - Julemesse
Desember - Julekonsert
- Skulegudsteneste i Sandnes kyrkje

Konkurransar, konsertar og musikalske mål

Korpset har ikkje delteke i konkurransar dette året, men 6 musikantar deltok i solistklassen i Hordablæsten med gode resultat.

Konsertar og arrangement ein har gjennomført har vore gode.

Framover vil skulemusikken halda fokus på å byggja opp laget og kvar einskild musikanter slik at ein opplever personleg meistring i eit musikalsk og sosialt fellesskap. Med god rekruttering og unge korpsmusikantar som tek stort ansvar, ser ein alt gode resultat.

Blås- og slagtilbodet i grunnskulen har også i 2022 vore erstatta med individuell opplæring utanom skuletid for musikantar frå mellomtrinnet.

Dugnadsinnsats og økonomi

Alle foreldra står på for at laget gjennomfører planlagde arrangement på ein solid måte og jobbar for å halda økonomien sunn.

Korpset har ei god inntektskjelde gjennom jobben som klokkar/kyrkjetenar i Sandnes kyrkje. Det har vore faste musikanterforeldre som har delt gudstenestene mellom seg og tilbakemeldingane frå arbeidsgjevar har vore gode.

Vi har òg teke på oss fleire dugnader gjennom året, den største var å innreia rekkehuset på Sandnes til flyktningar frå Ukraina. Vi har òg tatt på oss ein dugnad som vert gjennomført våren 2023.

Foreldre stiller med frukt på øvingane, noko musikanter set stor pris på. Julemessa gir oss òg gode inntekter og oppslutnaden frå bygdefolket er god.

Den store dugnadsinnsatsen frå foreldra, i tillegg til støtte frå kommunen, NMF og tippemidlar, gjer at inntektene til laget er solide. Det

vert difor ikkje kravd medlemskontingent frå musikantane eller eigendelar til mat m.m. på seminar. Turen til Høyt & Lavt vart også dekkja av lagkassen. Skulemusikken dekkja også 50% av kursavgifta for musikantane som deltok på NMF sine Sommarkurs sommaren 2022.

Den store og gode foreldreinnsatsen er ein stor styrke for laget og gir oss eit økonomisk handlingsrom til det beste for musikantane.

Vidare ambisjonar og mål

Styret ønskjer at Sandnes skulemusikk skal vere eit korps der ungdommane våre skal trivast, få musikalske utfordringar dei meistrar og få oppleve eit fellesskap på tvers av alder. Medlemstalet er på veg opp og det er viktig å ta vare på alle musikantar; dei eldste som alltid vil vera bærebjelken og førebileta i eit skulekorps og dei yngre som treng god oppfølging.

Såleis er det viktig at vi legg opp til eit inspirerende årsprogram som inkluderer, motiverer og utfordrar musikantane våre, og gir vekst. Innimellom kan nokon og ein kvar gå litt tom, og å knyta til seg eksterne ressurspersonar som på ulike måtar kan inspirera både musikantar, dirigent, instruktørar, foreldre og publikum har vore ei suksessoppskrift for skulemusikken opp gjennom åra. Dette er noko vi vil fokusera på også i tida framover.

Sommarkursa arrangert av NMF er også gode arenaer for kollektivt samspel, personleg utvikling og etablering av venskap og minner for livet. Dersom økonomien tillèt det kan ei vidare sponning/delsponning av kursavgift vere eit godt tiltak for å nå korpset sine egne visjonar og mål.

Vi ønskjer at musikantane skal ta ansvar for kvarandre og læra seg å ta ansvar for praktiske og økonomiske oppgåver. Foreldra må, saman med musikantane, få tilbod om dugnadsarbeid som kvar og ein har høve til å utføra.

Korpset ønskjer å vera synleg i bygda vår og gje bygdefolket gode

konsertopplevingar og møteplassar. Vi ønskjer også å bidra på andre sine arrangement.

Styret er stolte av musikantane og Sandnes skulemusikk skal vera eit lag som musikantar, foreldre og bygda er stolte av å vera ein del av.

Sandnes, 20.mars 2023

Styret i Sandnes skulemusikk
v/ leiar Åshild Skuggedal